

UTFORSKING AV FJØRA

kan verte til utforsking av bokstavane. **S. 4**

SPRÅKLEIK OG SPRÅKMØTE

opnar nynorskdører for elevar på mellomtrinnet. **S. 6**

FORTELJINGAR RUNDT BÅLET

– i klasserommet med forfattar Atle Hansen. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 23 | VINTEREN 2014–2015

FEIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Morgondagens norskfag

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret FOTO: **Rib & Morits**

KVA Plass får nynorskopplæringa i morgondagens norskfag? Svaret på det viktige spørsmålet kjem kanskje alt i juni.

I september kom rapporten «Elevens læring i fremtidens skole» (NOU 2014:7). Dette er den første rapporten frå det såkalla Ludvigsen-utvalet. Mandatet deira er å «vurdere innholdet i grunnopplæringen opp mot krav til kompetanse i et fremtidig samfunns- og arbeidsliv».

Hovudrapporten frå Ludvigsen-utvalet kjem i juni 2015. Den blir meir konkret enn den første, med tilrådingar om hovudlinjene for innhald og organisering i skulen dei neste 20–30 åra.

NOU 2014:7 er tenkt som eit kunnskapsgrunnlag og skal vere eit «felles grunnlag for vidare diskusjon». Mange sentrale omgrep blir omtala og drøfta, mellom anna «kompetanse» og «vurdering». Eit anna sentralt stikkord er «dybdelæring». Den klare tilrådinga er at neste generasjons læreplanar bør ha langt færre emne og detaljerte kompetansemål enn alt det som er lista opp i dagens utgåver.

Kva betyr dette for norskfaget si målsetjing om opplæring i begge dei norske målformene? Det vesle som står om dette i haustens rapport, gir grunn til uro: «Prinsippet om at begge målformer skal brukas i arbeidet for å nå kompetansemålene, bidrar også til at breidde ser ut til å prioriteres foran dybde» (s. 77). Her kan det sjå ut som om dagens sidemålsopplæring er eit problem som står i vegen for den ynskte revisjonen med meir fordjuping.

Mykje kan seiast om dette, ikkje minst om det som ser ut til å vere ei manglande forståing både av den språkdelte norske kulturen og av skulen som dannelsesinstitusjon. Kven skal elles forvalte og formidle den norske språk- og kulturpolitikken?

Grunnlaget for morgondagens skule er i støypeskeia. Det er difor viktig at alle som driv med norskopplæring, kjenner til dei prosessane som no er i gang, og deltar i debatten.

Det er viktig at alle som driv med norskopplæring, kjenner til dei prosessane som no er i gang, og deltar i debatten.



NYNORSKOPPLÆRING NR. 23, NIANDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Gudrun Kløve Juuhl
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS
FRAMSIDE: Rune Markhus

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Nynorsksenteret kan no tilby komplette boklister på Nynorsk bok.no.

Fleire boktips

TEKST: **Arild Torvund Olsen** FOTO: **Kib & Morits**

www.nynorsk bok.no

VEVSIDA WWW.NYNORSKBOK.NO inneheld tips om gode nynorske bøker for ulike aldersgrupper. No vert tilbodet på sida endå betre. Gjennom eit samarbeid med Den norske bokbasen kan me

frå i år av tilby komplette boklister med alt som har kome ut av nynorsk skjønnlitteratur. Listene kan sorterast etter aldersgruppe eller kategori, og både nye og eldre titlar er med.



Innhold

Morgondagens norskfag av Torgeir Dimmen	S. 2
Fleire boktips av Arild Torvund Olsen	S. 3
Bokstavfiske av Gudrun Kløve Juuhl	S. 4
På nynorsk oppdagingsferd av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 6
Rundt bålet i klasserommet av Janne Karin Støylen	S. 8
Det nærmar seg eksamen av Pernille Fiskerstrand	S. 10
Norskeksamen i grunnskulen av Ingrid Slettevoll	S. 12
Ordleik: Åmeord av Olaf Husby og Stina Langlo Ørdal	S. 13
Kulturtips	S. 14

Rune Markhus er illustratøren bak det flotte framsidebiletet til dette nummeret av bladet. Han har tidlegare mellom anna laga bøkene *Eg og Pontus går for gull* og *Eg og Pontus går i land saman* med Odd Nordstoga.

I *Bokstavsommaren* hentar Styrk bokstavskattar opp frå havet til veslesyster Zara. Det er utgangspunktet for 29 tekstar med tilhøyrande opplegg for bokstavutforskning i barnehagen.

Bokstavfiske

TEKST: **Gudrun Kløve Juuhl** ILLUSTRASJON: **Inger Lise Belsvik** (frå *Bokstavsommaren*)

GJENNOM EIN HEIL SOMMAR er Zara og Styrk i lag ved sjøen. Storebror Styrk snorklar, og finn ein ny skatt kvar dag, som ålekvaabbe, o-skel og flyndre. Veslesyster Zara sit på land og passar på. Ho har ein tuba som ho skal blåsa i om ho ikkje ser snorkelen, slik at ein vaksen kan koma springande.

Det finst ein tekst for kvar bokstav, slik at ein kan velja sjølv kor mange eller få bokstavar ein arbeider med.

– Ungar i barnehagen skal verta kjende med bokstavane, det står i rammeplanen, seier Trude Hoel ved Lesesenteret. Men det har mangla gode bøker og ressursar som gjer dette på barnehagen sine premisser. Det vert selt mykje ressursar og småbøker frå pedagogiske forlag, men desse byggjer så veldig på skulen sine tankar om bokstavopplæring. Derfor byrja me å pønska, og saman med Nynorsksenteret fann me ut at me kontaktar ein forfattar og lagar noko sjølv, på nynorsk.

Forfattaren var Erna Osland. Frå før har ho mellom anna skrivne fagbøker for barn om alt som lever under steinar, om bruer, om korleis dyr og menneske søv, om nasar og om symbiose ... og no altså ei bokstavforteljing om livet i fjøra.

– Eg tykkjer kanskje det har vore litt mykje apar og elefantar i abc-bøkene, og litt lite sjø, seier Erna Osland.

Men det er vel litt uvanleg å knyta det å verta kjend med bokstavar til fagkunnskap om naturen, slik du legg opp til i Bokstavsommaren?

– Eg tenkjer at grunnen til å lesa er å skaffa seg kunnskap. Og den store gleda ein opplever ved å kunna lesa, er å få del i kunnskap som andre har. Bokstavane er eit slags magasin for kunnskap. Eg tykkjer dette er ein magisk ting ved bokstavar, som kanskje er underkommunisert til barn, seier Osland.

RESSURSPAKKE

Rådgjevar Liv Kristin Bjørlykke Øvereng ved Nynorsksenteret fortel meir om kva ressursen *Bokstavsommaren* inneheld:

– Det er 29 tekstar, ein til kvar bokstav i alfabetet, og alle tekstane er illustrerte av Inger Lise Belsvik. Alt kjem til å ligga fritt tilgjengeleg på Internett. Det kjem også til å vera ein pedagogisk ressurs til kvar tekst som skal vera ei hjelp for personalet, med framlegg til leik og aktivitetar med bokstavar. Til dømes kan aktivitetane til F-teksten ta utgangspunkt i spørsmålet som Styrk stiller Zara i teksten: «Styrk spør om Zara vil ha F for far eller Ø for Øyvind.» Då kan ein finna og samtala om bokstavar i eige namn. Ein kan òg finna ord som byrjar på F, og laga desse tinga i ulikt materiale.

Det kjem dessutan til å vera ein biletbank, med bilete av ulike artar som vert nemnde i teksten. Dette er tenkt som ein ressursbase, der det kjem til nye ting etter kvart.

Kvifor er det eit poeng å bruka nynorske tekstar når ein arbeider med bokstavane i barnehagen?

– Alle barn i Noreg skal møte det språklege mangfaldet med nynorsk og bokmål, så *Bokstavsommaren* passar for alle. Barnehageungar som skal ha nynorsk som hovudmål, møter ofte lite nynorsk før dei byrjar på skulen, så for dei er det ekstra viktig at barnehagen let dei møte gode tekstar på nynorsk, seier Øvereng.

– Dette er tekstar som appellerer til ungane og skaper engasjement, seier Trude Hoel: Til dømes vert det lett samtalar om krabbar utav teksten som handlar om k, der Styrk fiskar opp ein krabbe, men teksten inviterer òg til samtalar om bokstaven k. Og om ein har ei Kristine eller ein Kristian i barnehagen som då finn bokstaven sin, har ein nokre kjempeflotte opningar for språksamtalar.

– Om eg med desse forteljingane kan syna ungane noko av magien ved bokstavane, korleis bokstavane kan fortelja oss om det som er gøymt nede i djupet, så er eg nøgd, avsluttar Erna Osland. ■

– Eg tykkjer kanskje
det har vore litt mykje
apar og elefantar i abc-
bøkene, og litt lite sjø.

Erna Osland.



Barn er nysgjerrige på språk! På mellomtrinnet er det rom for å eksperimentere med skriving på begge målformene.

På nynorsk oppdagingsferd

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein** FOTO: **Bodøsjøen skole**

– **EG HAR ALLTID** vore oppteken av språk og identitet, seier Anne-Greta Johannesen. Ho er lærar ved Bodøsjøen skole og er prosjektleiar for *Tidleg start* på den aldersblanda eininga Færingen, som har 50 elevar på 5.–7. trinn.

– Nynorsk ligg nærare dialekta vår enn bokmålet gjer, og det er eit viktig argument når ein jobbar for å avmystifisere nynorsken for elevane. Då eg hørte om *Tidleg start*-prosjektet første gong, tenkte eg at ja, klart vi må bli med på det!

Johannesen fortel at det er viktig å leike seg med nynorsken, og at det er tid og rom for det på mellomtrinnet. Tidleg i haust spurde ho om elevane visste kva nynorsk er.

– Nokre elevar har ei oppfatning av at det er nærare gresk, eller i det minste noko veldig vanskeleg. Dei av elevane som har fordomm, har jo fått dei frå dei vaksne. Barn kjem ikkje på slikt sjølv. Ein tidleg start med nynorsk i den aldersgruppa er bra fordi dei er opne og lett-påverkelege. Det første målet er avskrekking og avmystifisering. «Det var ikkje vanskeleg, det var jo berre nokre få nye ord!» seier gjerne elevane etter kvart.


I haust begynte ho å lese høgt for elevane frå *Hanna* og *Emma* (Bente Bratlund) og *Knotrud FK* (Lars Mæhle).

– *Elevane elsker at vi les høgt for dei! Etter kvart har vi jobba med teikneseriar, klipp- og lim-dikt og avskrift frå Norsk Barneblad.*

Anne-Greta Johannesen, Bodøsjøen skole



Lærar Anne-Greta Johannesen ved Bodøsjøen skole.



Klipp- og lim-dikt med utgangspunkt i eit dikt av Arne Hjeltnes.

TIDLEG START • Læreplanen legg opp til ein progresjon der elevane først skal verte kjende med nynorsk gjennom høgtlesing og samtale, så skal elevane sjølve lese nynorsk tekst, for deretter å eksperimentere med nynorsk skriftspråk på mellomsteget. *Tidleg start* med nynorsk på mellomtrinnet er eit prosjekt for skular med bokmål som hovudmål. Tre skular gjennomfører *Tidleg start*-prosjekt i år, i Trondheim, Lørenskog og Bodø.

– Elevane elsker at vi les høgt for dei! Etter kvart har vi jobba med teikneseriar, klipp- og lim-dikt og avskrift av tekst frå Norsk Barneblad. Det gir gevinst på mange felt. Dei lærer om til dømes Tut-ankh-Amon og får samstundes inn ein del nynorske ord. Vi samlar dessutan dei høgfrekvente nynorskorda i ei eiga ordbok som elevane får ta med seg vidare til ungdomsskulen. Men det viktigaste er at elevane møter nynorsk tekst ofte og på ein kvardagsleg måte, seier Johannesen. Vidare seier ho at læraren må leggje grunnlaget for positive opplevingar knytt til nynorskarbeid som til alt anna. Til dømes må læraren ha førebudd alt teknisk utstyr så ein veit det fungerer før ein set elevane til å søkje etter ulike dyr på allkunne.no.

Bodøsjøen skole har 370 elevar på 1.–10. trinn, fordelt på seks aldersblanda einingar. På eininga «Færingen» er det elevar frå både 5., 6. og 7. trinn. På spørsmål om korleis dei organiserer elevane, svarar Anne-Greta Johannesen: – Basisfaga har vi trinnbasert, medan vi i RLE, naturfag og samfunnsfag har delt elevane inn i to aldersblanda grupper på 25. Vi har også stasjonsarbeid i grupper på 12, og mindre skrivegrupper.

– Det er stor fleksibilitet i måten vi jobbar på. Når det gjeld *Tidleg start*, har vi hatt ulike arbeidsoppgåver individuelt og i grupper. Læreboka i

Mat og helse har vi tinga på nynorsk. Nokre ord, som til dømes «kveitemjøl», skaper litt latter. Men så er det noko med å ha rom for å leike seg også. Har det noko med fisk å gjere, eller baking, skal tru?

– *Tidleg start* har vore med på å hjelpe oss til å setje nynorskundervisinga i system. Det er viktig å tenkje enkelt nok, og heller å jobbe mindre og ofte enn i store skippertak. Det er frigjerande å ikkje skulle setje karakter på elevarbeida.

Om vegen vidare fortel Johannesen at dei kjem til å ha fleire små og større nynorskarbeid utover våren.

– Vi har kjøpt inn ein del bøker for prosjektmidlane, og dei gler vi oss til å ta i bruk. Dessutan har vi kontakt med biblioteket for å få sett saman ei nynorsk boksamling der elevane kan velje seg bøker når vi er på besøk der.

– Ein av fordelane med å undervise ei aldersblanda gruppe ser vi når dei nye femteklassingane kjem til hausten. Då møter dei eldre elevar som allereie har gjort seg nokre positive erfaringar knytt til det nynorske skriftspråket, og som kan vere gode førebilete. ■

Vennskap

Eg sit i lag med min venn
speler FIFA med Joakim
som er på besøk hos meg.
Har det moro i lag.
Han sykla heim.
Dagen etter kom eg til han.
Vi sykla.
Framfor leikeplassen stansa vi
og leika til kvelden kom.

Even, 10 år

Eg sender ei tekstmelding til Atle Hansen og seier eg vil at han skal fortelje meg om litteraturen si oppgåve i verda. – Greitt, svarar han. – Kan vi ta det kl. 16? Eg må berre komme meg tilbake til hotellrommet og lade mobiltelefonen.

Rundt bålet i klasserommet

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Marte Belsvik Hansen**



ATLE HANSEN er på turné med Den kulturelle skulesekken til sjetteklassingar i Buskerud. Mange av bøkene hans har born i denne alderen som målgruppe. Tynne spenningsbøker. – Ja, men dei er frykteleg gamaldagse, ler Atle i hin enden av den fullada telefonen.

– Det er ingen som bannar i bøkene mine. Foreldra skil seg ikkje, heller. Dessutan er det forteljingar utan blod og drap.

Men bøkene hans er populære og får gode attestar frå lesarane. I ei melding på nettstaden til Foreningen lles skriv Martine frå Raufoss ungdomsskole slik om Hansen si siste spenningsforteljing *Flukt*:

«Da jeg begynte å lese boka, trodde jeg først det var en diktsamling. Teksten består av setninger som står hver for seg på linjer, samlet i korte avsnitt, så det lignet på linjer og vers i dikt. Men det er en roman, som utvikler seg til å bli gradvis mer og mer spennende når du leser. Etter noen sider var jeg heftet, og leste ferdig hele boka på en kveld. Det var ikke vanskelig og tok bare en time eller to.»

– Eg har ikkje det litterære kunstverket som siktemål, understrekar Atle Hansen. – Eg vender meg til ein lesar, men eg skriv så godt eg kan. Eg har lyst å skrive fine setningar, eg prøver å finne ein god rytme. Bøkene skal vere lette å lese høgt.

– *Vi har fortalt så lenge vi har vore her, rundt bålet, under månen. Forteljingane knyter oss saman.*

Atle Hansen

– I dei siste spenningsromanane mine har eg skore språket heilt til beinet: Eg utfordrar meg sjølv i å skrive så enkelt som mogleg, men likevel etablere ei spenning og halde på lesaren, forklarar forfattaren.

Kvifor trur du dette fungerer så godt for lesarane dine? Du vel ein «smal sti», samanlikna med det som elles ser ut til å vere tendensen i litteratur for barn og unge?

– Eg brukar mine eigne erfaringar, svarar Atle Hansen. – Min eigen redsel frå barndommen. Og eg brukar kunnskapen min. Eg har studert, både teater- og litteraturvitskap. Narrative verkemiddel, komposisjon og dramaturgi. Eg tenkjer på dette når eg skriv, meir enn på kva som skal skje. Det veit eg ikkje så mykje om når forteljinga startar. Difor er det skikkeleg spennande å skrive, eg er jo den første som får vite korleis det går, seier Atle lurt.

– Det handlar vel djupast sett om å kunne fortelje, utdypar han vidare. – Ei god forteljing. Denne narrative grunnstrukturen trur eg stettar djupt fellesmenneskelege behov. Forteljinga kan vi bruke til å forstå kven vi er, og kva vi gjer her i verda. Vi har fortalt så lenge vi har vore her, rundt bålet, under månen. Forteljingane knyter oss saman, gjev fellesskap, glede og ei kjensle av å høyre til.

Likevel er vi uroa over at unge menneske les mindre enn vi skulle ynskje. Kva skal vi gjere med det?

– Det må bli slutt på all denne tvangslesinga! svarar Atle Hansen engasjert.

– Eg har heilt slutta å sette krav om at elevane skal ha lese bøkene mine før eg kjem på skulebesøk. Dei veit ikkje kven eg er. Ikkje lærarane heller. Ofte har dei gløymt at eg skal kome.

– Men eg trur dei les bøkene mine når eg dreg heim, seier Atle lunt. – Fordi dei har lyst til det. Ofte likar dei det dei les. Og så vil dei lese meir.

Korleis formidlar du bøkene dine slik at elevane får lyst til å lese dei?


– Formidlinga mi er vel ein miks av ulike kunstformer, om eg kan gå så langt som å kalle det det? Det kan eg kanskje ikkje, ler Atle. – Eg fortel, les og syng. Eg tøysar og tullar. Gjer meg til for ungane! Humor er viktig, seier han med stort alvor. – Og om eg kan få komme med ei oppmoding til lærarane og foreldra til slutt?

Ver så god!

– Å kunne lese. Å vilje lese. Det eine føreset det andre, men det er ikkje gitt. Les høgt til ungane. Les tjukke bøker! Les noko du likar sjølv. Lær dei å fortelje. Fortel! Svaret på spørsmålet ditt om litteraturen si oppgave i verda viser seg berre for den som les, avsluttar Atle Hansen på telefon frå Oslo. ■

Nokre gode bøker av Atle Hansen

- *Flukt* (2013)
 - *Den svarte oxen* (2009)
 - *Heksa* (2001)
 - *Amanda sin medisin* (2012)
-



Eksamen for vidaregåande skule denne våren er lik i forma som i fjor. Rådgivar Ingrid Metliaas ved Skrivesenteret gir her lesarane av Nynorskopplæring nokre tips i forkant av eksamen, på bakgrunn av endringane som kom i 2014.

Det nærmar seg eksamen

TEKST: **Pernille Fiskerstrand** FOTO: **Skrivesenteret**

I **OPPGÅVENE** som blir gitt til eksamen, er det ikkje lenger oppgitt kva for sjanger det er forventat at elevane skriv i. Det nye er *teksttypar* på bakgrunn av *formålet* med teksten. Dette heng saman med at omgrepa i læreplanen er bytte ut, og at terminologien difor skal henge saman i undervisninga og til eksamen (sjå tekstboks på neste side). Dette er kanskje det mest påfallande nye i eksamen etter revidering av læreplanen.

EKSAMENSDAGEN

Når ein skal skrive to tekstar på ein dag, er det viktig med ein struktur eller plan for dagen.

– Elevane treng å lære at det å lese oppgåva og å planlegge skrivinga må og skal ta ein del tid, seier Metliaas. Hennar råd til lærarane er at elevane får øving i å kladde eigne skriverammer med momenta som teksten skal innehalde. Då kan ein gå over og sjå at momenta heng saman med det som oppgåva spør om, før ein skriv ut teksten.

I tillegg vil ho gjerne lyfte fram slutføringsfasen: – Her har elevane mykje å hente, men mange hoppar over denne fasen eller orkar ikkje ta fatt på han. Elevane må få øving i konkrete strategiar for å finne svake punkt i tekstane sine. Dette kan vere på strukturelt nivå – som å sjekke at ein gjer i teksten det ein lova i innleiinga, at

– Elevane treng å lære at det å lese oppgåva og å planlegge skrivinga må og skal ta ein del tid.

Ingrid Metliaas, Skrivesenteret



avsnitta heng saman med bindeord, eller at avslutninga oppsummerer det som faktisk står i teksten. På ordnivå gjeld det spesielt å sjå etter bøyingsfeil og stavingsfeil. Her kan elevane trene på førehand gjennom å lage ei privat liste over ord eller bøyingar som dei ofte gjer feil på. Eit anna nyttig tips er å lese teksten avsnitt for avsnitt baklengs. Då må eleven lese kvart ord isolert, og det gjer at ein lettare kan få auge på dei feilskrivne orda.

KREATIV TEKST

Å skrive kreative tekstar er nytt etter revideringa frå i fjor. Kva er eigentleg kreative tekstar, og korleis skal ein øve på dei? For det første poengterer Utdanningsdirektoratet sjølv at *kreative tekstar* er eit samleomgrep og ikkje ein spesiell teksttype eller sjanger. For det andre er det viktig å peike på at både skjønnlitterære tekstar og fagtekstar kan vere kreative. Frå den gamle ordninga var oppgåvene gjerne knytte til essay, novelle eller kåseri. Etter 2014 er meininga at elevane skal stå

NYNORSKE FRASAR - På Nynorsksenteret sine nettsider kan de finne ei frasesamling til hjelp for elevar som skal skrive argumenterande tekstar. Frasane kan vere til hjelp både for å binde teksten betre saman, og for å gjere det med rette nynorske ordformer.

www.nynorsksenteret.no/frasesamling/

enda friare i val av sjanger. Hovudpoenget er at dei skal få vise språkleg kreativitet. Dei skal til dømes kunne velje eventyr, dramatekstar, samansette tekstar eller ulike former for dikt.

Metliaas viser til fleire måtar ein kan bruke for å øve på desse sjangrane: – For det første kjem det meir og meir på eksamen også i vidaregåande at skriveoppgåvene inneheld fiktive formål. Det vil seie at ordlyden i oppgåva skal hjelpe eleven inn i ein tenkt skrivesituasjon. Dette kan det vere verdt å prøve ut i ulike former i forkant av eksamen. Læraren kan formulere ein case eller ei skrivarrolle som elevane skal gå inn i, der dei sjølve må velje sjanger innanfor kreative teksttypar. På same måte er det lurt å arbeide med fleire typar kreative tekstar på førehand. Då har elevane fleire moglegheiter for å løyse oppgåva på eksamensdagen.

IKKJE GLØYM KORTSVAR!

Slik eksamen er i dag med ein kortsvarstekst og ein langsvartekst, er det kanskje naturleg at lærarane vektlegg den lange i undervisninga. Metliaas vil difor minne om at også kortsvarsoppgåva er ein *norskfagleg* tekst, der elevane må vise ferdigheiter både i fagkunnskap og fagspråk. Som sensor har ho erfaring med at elevane ikkje synest å leggje like mykje vekt på kortsvars-

oppgåva, og at den i mange høve trekkjer karakteren ned.

– Hugs at kortsvarsteksten også må ha ein ryddig struktur, og at han må henge godt saman, oppmodar ho.

LESE- OG SKRIVEPRØVE

Eit overordna punkt som Metliaas gjerne vil framheve, er at eksamen i norsk skriftleg både er ei *lese- og skriveprøve*.

– Mange låge karakterar kunne ha vore heva om elevane hadde betre trening i å lese oppgåvene nøye. Dessutan viser undersøkingar at mange elevar ikkje les tekstvedlegga i det heile. Det at eksamen no inneheld ukjende tekstar, gjer at elevar som ikkje har fått trening i å lese nøye og å kunne bruke desse tekstane, ikkje kan oppnå gode resultat.

På Utdanningsdirektoratet sine sider legg dei nettopp vekt på at elevane treng trening i å lese tekstar som utgangspunkt for eigne tekstar, og at eksamen på denne måten også vurderer lesekompetansen til elevane.

NY RETTLEIING

Metliaas vil til slutt minne om at Utdanningsdirektoratet kjem med ei ny eksamensrettleiing i desse dagar. Her kan det kome endringar som

det er viktig at lærarane er merksame på, og ho vil oppmode lærarane om å setje seg godt inn i den rettleiinga. ■

Teksttype – sjanger

Omgrepa *teksttype* og *sjanger* heng tett saman, men dei tyder ikkje heilt det same. I den reviderte læreplanen har Utdanningsdirektoratet gått over til å nytte omgrepet *teksttype*. Dei peiker i si forklaring på at *sjangrane* er ustabile, og at dei blir oppfatta ulikt. Direktoratet nyttar difor *teksttype* som eit meir overordna omgrep, nærare knytt til formålet med teksten. Sjangrane blir såleis sett på som ein konsekvens av ulike teksttypar.



Frå 2014 er eksamensoppgåvene i større grad enn før knytte opp mot kompetansemåla i norsk og tek utgangspunkt i tema frå hovudområda *munntleg kompetanse, skriftleg kompetanse og språk, litteratur og kultur*.

Norskeksamen i grunnskulen

TEKST: **Ingrid Slettevoll** FOTO: **Kib & Morits**

FØREBUING • Når elevane blir trekte ut til sentralt gitt skriftleg eksamen i norsk etter 10. årstrinn, får dei tilgang til eit førebuingmateriell som er felles for eksamen i hovudmål og sidemål. Her får dei presentert eit gjennomgåande tema for eksamen ved ulike typar tekstar i eit breitt spekter av sjangrar. Dermed får elevane høve til å førebu seg fagleg og knyte temaet for eksamen til det dei har tileigna seg i opplæringa. I den avgrensa førebuingstida skal læraren rettleie elevane, men tida skal ikkje brukast til undervisning.

EKSAMENSOPPGÅVENE • I norsk har elevane to eksamensdagar der dei les og skriv bokmål den eine dagen og nynorsk den andre dagen. Både hovudmål og sidemål skal ha oppgåver som krev at eleven skriv ulike typar tekstar for ulike føremål, så det er ikkje lenger ein rein sakprosaprega eller ein rein skjønnlitterær skrivedag.

I den reviderte læreplanen er sjangeromgrepet tona ned og erstatta med tekstomgrep som klassifiserer tekstar etter kva funksjon dei har. Eit døme på slike funksjonar finn vi formulert i eit av kompetansemåla i norsk etter 10. trinn (funksjonane er her framheva med kursiv): «eleven skal kunne skrive *kreative, informative, reflekterende og argu-*

menterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium».

Eksamen har to delar, del A og del B, med likeverdige krav til eksamenssvar. For at eksamen skal kunne prøve fleire hovudområde i faget, tek oppgåvene i del A utgangspunkt i vedlagde


tekstar som eleven ikkje har hatt høve til å lese på førehand. På den måten blir lesekompetansen sterkare knytt til skrivekompetansen. Oppgåva gjer det også mogleg å prøve fagkompetansen i hovudområdet *språk, litteratur og kultur*. Oppgåvene i del B tek utgangspunkt i tema elevane har lese om i førebuingsmateriellet. ■




ORDLEIK FRÅ ORDLEIKSBOKA • Finn på eit ord og lag eit nytt ord som byrjar med siste bokstaven i første ordet. Slik kan du knyte saman ord til ei åme som fer over sida.

Åmeord

AV **Olaf Hushy** OG **Stina Tanglo Ørdal** (prenta med løyve frå Skald forlag)



Prøv å
lage åme-
ord sjølv:



Teater

Foto: Thor Brødreskift



Vaffelhjarte

VÅREN 2015 sender Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane teaterframsyninga *Vaffelhjarte* på turné til alle skulane i Sogn og Fjordane. *Vaffelhjarte* er ein samproduksjon mellom Den Nationale Scene i Bergen og Sogn og Fjordane Teater. Stykket har gått for fulle hus i Bergen i 2014 og har også fått mykje kritikarros. Noko å tenkja på for fleire fylke?

Musikk

Gode høns
Den nye guten i gata

Abup Road 2014




Avdeling for barn og unges psykiske helse ved Sørlandet sykehus har gjeve ut ein fin EP med nynorske barnesongar. Tekstane er skrivne av Einar Økland, Ingvar Moe og Per Olav Kaldestad, og EP-en er tilgjengeleg i iTunes, Wimp og Spotify.

Barnebok

Kari Smeland
Sirkus Spetakkel

Samlaget 2014



SIRKUS SPETAKKEL er ei fornøyeleg høgtlesingsbok for 2.–4. trinn, og dessutan er ho ei god bok til stillelesing for dei som er gode lesarar sjølv.

Boka handlar om brørne Mikkell og Rasmus som driv eit reisande sirkus. Dei køyrer ein solgull campingbil, og sirkuset deira heiter Sirkus Spektakulær. Saman med brørne er Ada, som er ni år. Ho har budd hos sirkusbrørne så lenge ho kan hugse.

HISTORIA TIL ADA får vi som lesarar presentert utover i boka. Kari Smeland fortel levande, ho har eit sprudlande språk som gjer at det er ei god og lun steming i boka. Det gjer og sitt til at me blir godt kjende med hovudpersonane i løpet av kort tid. Me får vite at Rasmus er ein sær god kokk, han har mange tatoveringar og har nesten alltid eit breitt smil rundt munnen. Mikkell er lang som ein stige, og han har så stort skjegg at det ser ut som han har rappa all ulla til ein sau og limt det fast i fjeset. Mikkell er og ein surpomp. Rasmus seier: «I dag er han surare enn

Dette boktipset er skriven av Hilde Paptzacos. Ho er skulebibliotekar og lesegleddar, det vil seie at ho reiser rundt og formidlar god ny barne- og ungdomslitteratur til skular og andre som treng det.

den suraste sokk, surare enn den suraste sitron.» Slike beskrivingar er det mange av i boka. Når Kari Smeland skal beskrive Ada, blir det på denne måten: «Ada har sjokoladebrune auge og hår bustet som eit fuglereir. Ho er ni år og lågare enn dei fleste andre på sin alder, men til gjengjeld ler ho lysare enn ein operasongar og lyg lettare enn ein røvar.» Her er det sjonglering, knivar og stor sirkussteming.

PLOTTET i historia er ein stor sirkuskonkurranse som er sett i gang av ein sær vondskafulle sirkusdirektør med ein spiss rottekjeft, der det etter kvart viser seg at rottekjeften har ein heil by full av sirkusfolk som han bestemmer over. Alle blir haldne i øyra av rottekjeften berre fordi han vil, og fordi han har ein sær viktig fange som han gjer alt for å behalde.


Sirkuskonkurransen er laga med eitt formål, og det er å få Ada til sirkusbyen, men Rasmus og Mikkell får ikkje lov til å komme inn i byen. Det bryr dei seg ikkje noko om, og alle tre drar av garde etter at Ada har «tvinga» dei av garde. Det blir ei spennande reise der me blir kjende med mange interessante karakterar. Ada får ein ny besteven som heiter Koriander, og etter kvart blir det tydeleg at jakta på Ada si mamma er det som er det viktige i historia.

Boka har ei koseleg avslutning med ei god opning til eit framhald. Det er bra, for eg har i alle fall lyst til å få fleire historier om Sirkus Spetakkel, som det blir omdøpt til til slutt.

Ungdomsbok

Terje Torkildsen
Arrfjes

Samlaget 2014



I **BOTNEN AV EI DJUP GRAV** han har grave sjølv, møter lesarane Ejner Tevig. Korleis har han hamna der? Anslaget i Terje Torkildsen sin siste ungdomsroman *Arrfjes* skaper spenning og pirrar leselysta frå første side. Denne gongen er det den historiske robinsonaden som er sjangervalet til Torkildsen. Handlinga er lagd til 1812, under krigen mot Storbritannia. Ejner Tevig er 13 år då han mønstrar på det norske skipet Haabet. Snart skimtar dei eit britisk skip i horisonten. Det seglar under gult flagg. Flagget varslar sjukdom og død.

Terje Torkildsen er ein omtykt forfattar mellom unge lesarar. Han har, som den einaste, motteke Uprisen to gonger sidan denne utmerkinga vart etablert i 2007. Mottakinga av bøkene hans elles i feltet har derimot vore variert. Torkildsen har i fleire intervju forklart at han har eit litterært program som dreier seg om å få dei som ikkje likar å lese, til å plukke opp boka likevel. Han skil mellom det han kallar retorisk kvalitet, og litterær kvalitet, og peikar på at ungdomsboka ikkje kan vere ei god bok utan at ho kommuniserer med lesarane i målgruppa.

Denne gongen ser det likevel ut til at han treffer blink også hjå kritikarar som er mest opptekne av den litterære kvaliteten. Meldingar frå anerkjente kulturredaksjonar i aviser som Aftenposten og Dagbladet vender tommelen opp for denne boka. I eit foredrag på den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu tidlegare i haust forklarte Torkildsen at han denne gongen også har hatt den leseglade mottakaren i tankane når han har skrive. Dessutan innrømte han at den historiske robinsonaden er ein personleg favoritt mellom dei sjangrane ein kan velje i når ein skriv fiksjon.

KAPRINGA av den britiske fregatten vert starten på ei hendingsrik reise som gjer den unge hovudpersonen vaksen på kort tid. I ei veksling mellom ytre og indre dialog får lesaren innblikk i korleis Ejner utviklar seg, med dei utfordringane han møter. Ei sterk gudstru og brevveksling med broren gjer at lesaren får fylgje tankane som modnast og endrar seg. Den ytre ramme- forteljinga er handlingstett og held lesaren i spenning frå side til side i dei korte kapitla.

Når vi mot slutten av forteljinga er tilbake i grava saman med Ejner, er det ei eventyrleg reise vi har fått vere med på. Men ho er ikkje slutt! Utan å avsløre for mykje er det inga overrasking at Ejner kjem seg opp frå grava og vidare med egne krefter. For trettentåringen i 2015 er det truleg ein viktig kvalitet ved forteljinga at ho gjev håp for ei framtid om ein tek grep om framtida sjølv. Slik var det i 1812. Slik er det framleis.

Janne Karin Støylen

Film



Reisa til Fjørkongens rike

DEN NYE FILMEN *Reisa til Fjørkongens rike* kjem på norske kinoar i februar. Figurane i den norske utgåva av animasjonsfilmen snakkar dialekt med utgangspunkt i eit nynorsk manus, og i tillegg er tittelen på nynorsk. Filmen, som vann publikumsprisen under Kristiansand barnefilmfestival, handlar om kaninguten Johan. Han mister mor si, og legg difor ut på ei spanande reise til underverda for å henta henne attende.

Lettlesbøker

Leseland

Samlaget 2015



Samlaget lanserer no *Leseland*, ein flott serie med lettlesbøker på nynorsk. Dei tolv fyrste bøkene finst no både i papirutgåver og som appar.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Slit elevane dine med å skilja bodskapen frå buskapen? Har dei skrevet der dei skulle ha skrive?
Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform.

På www.nynorsksenteret.no/tilfang/ kan du tinga gratis klassesett.